



OSTERØY FERJESELSKAP AS  
Postboks 100  
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Dato: 16.02.2017  
Vår ref.: 2016/5238-8  
Saksbehandlar: talhals  
Dykkar ref.:

## Tilsegn om støtte til miljøteknologi i ferje

Vi viser til budsjettvedtak i fylkestinget 13.-14. desember 2016 og påfølgjande møte med fungerande fylkesordførar Pål Kårbø 25.01.17. Viser vidare til søknad frå dykk 01.02.17 om tilskot til prosjektet «Heilt elektrisk». Hordaland fylkeskommune gir tilsegn om 1 million kroner til prosjektet.

### 1. PROSJEKTGRUNNLAG

Føremålet med prosjektet er å utvikle og utprøve eit bærekraftig nullutsleppskonsept for ferje- og passasjerfartøy. Tilskotet skal nyttast i første del av prosjektet, til følgjande aktivitetar:

- Marknads- og behovsanalyse
- Kravspesifikasjon
- Utvikling av teknisk konsept
- Forretningsplan
- Finansiering (Enova søknad, Innovasjon Norge søknad)

Og til å initiere sentrale elementer av «utviklingsfasen».

### 2. PROSJEKTORGANISERING:

Søkjjar er Osterøy ferjeselskap AS og vår kontaktperson er Nikolai Kalvenes.

### 3. GODKJENDE KOSTNADER OG GODKJEND FINANSIERINGSPLAN

			Timer	Kr/time			Sum total
<b>Inntekt</b>					-		
HFK - Utviklingsmidler	kr	-			kr	-	kr 1 000 000
OFS - Utviklingsmidler	kr	-			kr	-	kr 150 000
Ove Normann	kr	-	200	500	kr 100 000,00	kr	-
Leiv-Magne Skaar	kr	-	100	500	kr 50 000,00	kr	-
	kr	-			kr	-	kr -
	kr	-			kr	-	kr -
	kr	-			kr	-	kr -
<b>Sum inntekter</b>					kr 150 000	kr	<b>1 150 000</b>

			Timer	Kr/time			Sum total
<b>Utgifter</b>					-		
OFS - Prosjektering	kr	-			kr	-	kr -
Nikolai Kalvenes	kr	-	500	800	kr 400 000,00	kr	-
Ove Normann	kr	-	400	500	kr 200 000,00	kr	-
Leiv-Magne Skaar	kr	-	200	500	kr 100 000,00	kr	-
"Engineering"- konseptutvikling med leverandører	kr	-			kr 450 000,00	kr	-
	kr	-			kr	-	kr -
	kr	-			kr	-	kr -
<b>Sum Utgifter</b>					kr 1 150 000	kr	<b>1 150 000</b>

#### 4. VILKÅR FOR TILSKOTET.

- Tilsegnsmottakar må signere vedlagt akseptskjema og sende til fylkeskommunen innan 3 veker.
- Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

#### Utbetaling

- 750.000 kr av tilskotet blir utbetalt når signert akseptskjema er motteke. Dei resterande 250.000 kr vert utbetalt når søknad om støtte til hovudprosjekt er sendt til Enova, Innovasjon Norge eller tilsvarande.

#### Rapportering

- Tilsegnsmottakaren har ansvar for å melde frå når søknad om hovudprosjekt er sendt, og sender kortfatta rapport til Hordaland fylkeskommune så snart prosjektet er avslutta.

#### Kontroll

- Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

#### Klage/innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjende med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

#### 5. KONTAKTPERSON

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for dette prosjektet er Tale Halsør, som de kan kontakte på tlf. 922 066 75 eller e-post: [tale.halsor@hfk.no](mailto:tale.halsor@hfk.no).

Fylkeskommunen ynskjer lykke til med gjennomføringa av prosjektet!

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

Tale Halsør  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

1

Akseptsjema